

Oppsummering etter internt møte den 17.03 mellom Skyss, plan og samferdsel.

Tilstade: Marit Rødseth, Gudrun Einbu, Robert Solend, Anne Kathrine Vabø, Kjetil Sigvaldsen og Gunhild Raddum

Målsettinga med møtet er å finne gode rutinar for samhandlinga mellom de involverte partane i HFK sine planuttaler, samt klargjere kva ein skal uttale seg om.

Generelt om samhandlinga:

- Kan planane silas på ein betre måte før dei sendast til samferdsel/Skyss for uttale? Kan «standardtekst» som plan kan nytte bidra til at dette kan gjerast enklare? Skilje mellom plantype og involvering? Det må jobbast vidare med desse spørsmåla.
- Samferdselsavdelinga har eit koordineringsansvar for å ivareta kollektivinteresser i planer og dette skjer i dialog med Skyss. Samferdselsavdelinga kallar Skyss inn til eit eige møte for å etablere rutinar kring dette.
- Det å fastsette eigne møter mellom alle 3 partar ble diskutert, men forkasta da dette krev oppfølging som kan vere vanskeleg i praksis. I staden bør det vurderast å fastsette færre møter (5-6 å året) der det inviterast breidt for å informere og diskutere meir overordna planar og prosesser når det gjeld areal- og transportplanlegging. RTP og «Strategi for innfartsparkering» ble nemnt som døme. Marit ser nærare på etableringa av ein slik møtearena.

Tema i planuttale: (ble diskutert – men ikkje ferdigstilt)

Kollektivtilbod:

- Viktig at det tidlig i planprosesser blir informert om Skyss sine strategiar for kollektivtransport, og i større saker kan det ved behov oppmodast til dialog med Skyss i planprosessen.
- Viktig å vise til eksisterande planer, slik som Skyss sin kollektivstrategi, senterstrukturplan og RTP.
- Framkome og gode løysingar for kollektivtransport (buss, bane, båt og ferje) vil være sentrale punkt i uttalen.
- Plassering av haldeplasser og terminalar. Viktige stikkord: Tilkomst, innfartsparkering, gangveggar, dimensjoner og type stopp. Universell utforming er i ein gråsome mellom SVV og HFK ansvarsområde. (syne til handbøker?).
- Skoleskyss (avstand – blir HFK ansvarleg for skysstilbod?). Viktig å vurdere om skolevegen er trygg. Ikkje etablere bryggeområder lenger borte enn at det er gangavstand til skole?

- Kva er et godt kollektivtilbod? Kan en få laget en oversikt med «grøn, gul og rød sone» som kan gi ein peikepinn på kor det er smart/ikkje smart å etablere bustader og arbeidsplassar? Ungdomsskyss-sone er det nærmaste vi kjem ein slik oversikt i dag, og den kan nyttast.
- Sett i samanheng med overordna areal og transportplanlegging og kommuneplan er det overordna spørsmålet korleis ein kan redusere transportomfanget. Kor skal ein lokalisere utbyggingsområder med tanke på kollektivtransport? I distrikta er ikkje nødvendigvis kollektivtransport det mest miljøvenlege alternativet. Kollektivtransport har og ein kostnad og difor skal ein ikkje alltid krevje eit godt kollektivtilbod ved utbygging.
- Kor er det blitt av beredskap som tema i uttale frå HFK? Vi har eit beredskapsansvar og det står meir om dette i RTP under 8.4.

Trafikksikkerhet og myke trafikanter (gråsone mellom ansvarsområdet HFK og SVV)

- Sykkel og gange (skillje disse trafikantergruppene er vanligvis å anbefale). Nokon gonger kan det være konflikt mellom sykkel- og kollektivtilrettelegging.
- Trafikksikringstiltak (kan slå negativt ut for kollektiv, eks diskusjonen fartsdumper og fartsputer).